
Fra: Elisabeth Øye Halle
Sendt: 12. desember 2017 12:18
Til: Postmottak Lindås
Emne: Budsjett 2018

UTTALE FRA NSF

I budsjettet for pleie og omsorg er det skissert ein innsparing på 1 mill kr under sjukeheimstenesta og 1,5 mill kr under heimetenesta.

Tiltaka vert begrunna med reduksjon av sjukeheimplassar, reduksjon av vedtak i heimetenesta som følge av velferdsteknologi og logistikk i heimetenesta.

Lindås kommune har hatt fleire sjukeheimplassar ledige over lengre tid og kan difor forsvare at dei reduserast.

NSF har tidligere påpekt at desse må opprettast igjen om behovet endrar seg.

Det har dei seinare åra vore ei dreining i vedtak og tildeling av institusjonsplassar mot at innbyggjarane skal bu lengst mogleg i eigen heim. Parallellt med dette, har Lindås kommune fått nye omsorgsbustader med heldøgnsomsorg på nye Ostertun og Skrenten på Lindås Dette er eit nytt tilbod i omsorgstrappa.

NSF vil påpeke at vi fortsatt har eldre i kategorien som tidlegare fekk sjukeheimplass, men som no får tilbod om plass i bolig med heldøgnsomsorg. Dette er i dei fleste tilfelle eit godt tilbod, men her trengs mykje ressursar framover for å oppretthalde eit godt tilbod. Mange treng rehabilitering og trening i heimen for å oppretthalde funksjonar. På Ostertun er funksjonsnivået til bebuarane på eit slikt nivå at det tilbys fellesmåltider. Dette krev også ressursar og vil auke pleiefaktoren.

Samstundes som velferdsteknologi skal tryggje heimebuande og redusere vedtak, får også heimetenesta alvorleg sjuke heim frå sjukehus som skal ha eit forsvarleg tilbod.

På bakgrunn av dette, er NSF redd for at det blir tatt for store innsparingar i heimetenesta.

Elisabeth Øye Halle | HTV Norsk Sykepleierforbund

E-post: elisabeth.oye.halle@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56375131

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

